
Fra: Åshild Blomdal <ashild@abo-ark.no>
Sendt: 30. september 2016 15:11
Til: Postmottak Meland
Kopi: Bjørn Atle Drange; brm@markhusbygg.no; Kjersti Møllerup Subba
Emne: Sak 14/599 - 15/18276 - revidert plankart og føresegner.
Vedlegg: 125620110004.SOS; 125620110004.TXT; 125620110004-2.SOS;
125620110004-2.TXT; Føresegner 30.09.2016.docx; Reguleringsendring,
30.09.2016.pdf

Kategorier: Grønn kategori

Hei

I vedlagt plankart er illustrasjonen av parkeringsfelt fjerna og plan id retta opp. Øvrige dokument rettar vi etter høyringa er gjennomført.

Prosesen med å få denne planen ferdigstilt for 1. gongs handsaming har av ulike årsaker teke svært lang tid. Vi ynskjer ikkje å utsette vidare handsaming og vel difor å ta inn o_SF3 i rekkjefølgjekrava for å unngå at planen vert ytterlegare forseinka. Vi vil likevel understreke at vi finn det urimeleg at også o_SF3 skal inngå i rekkjefølgjekrava. At det skal etablerast eit bustadfelt med tilknytning til vegen kan ikkje vi sjå er eit argument for å pålegge dette prosjektet å bygge o_SF3, eit fortâu som går forbi innkøyringa til Holme forretningsområde og vidare nordover.

Det kviler frå før omfattande rekkjefølgjekrav på prosjektet i form av opparbeiding av undergang med tilhøyrande gang- og sykkelvegssystem mm. Planen omfattar kun ein bygning som skal romme ein nærbutikk på om lag 1000 m² i tillegg til noko næring og kontor. Graden av rekkjefølgjekrav står ikkje i forhold til tiltakets storleik og verknader på omgjevnadane. Dei rekkjefølgjekrava som allereie ligg inne i planen er tiltak som vesentleg vil forbetre trafikksituasjonen på staden. Dette burde etter vår vurdering vere tilstrekkelig når ein vurderer tiltakets omfang opp mot samfunnsnyttan med å få etablert ein undergang.

Med helsing

Åshild Blomdal
Arealplanleggar
99 76 97 16



Hamnevegen 53
Pb.291
5203 OS

ashild@abo-ark.no
www.abo-ark.no

Fra: Kjersti Møllerup Subba [<mailto:kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no>]
Sendt: 29. september 2016 15:36
Til: Åshild Blomdal
Emne: SV: Sak 14/599 - 15/18276 - Ny innsending til 1. gongs handsaming - sending 1

Hei igjen, og takk for oversikteleg og grei gjennomgang av vår tilbakemelding på planforslaget.

Vi har no berre eit par kommentarar.

- Etter endringane når det gjeld parkeringsdekning, kan det tillast **maksimalt 56** parkeringsplassar i området. I plankartet er det vist 63 plassar, så dette bør endrast. Trur gjerne det greiaste då er å ta ut illustrasjonen av parkeringsfelt i plankartet, slik at dei tre parkeringsområda er «reine» flater utan oppmerking med felt.
- Rekkefølgekrav vedr. fortau o_SF3. Vi vil fasthalda at også fortau o_FS3 må inn som rekkefølgekrav i føresegnene § 3.2.3. Viser i samband med det til pbl § 18-1, og til at det ligg ein barnehage lenger nord langs vegen samt at det er under planlegging eit nytt bustadområde med tilknytning til vegen.
- Planleveransen har gjennomgåande nytta Arealplan-ID 125620110004. I SOSI-filene må «underscore»-teiknet vekk på flatene, slik at planID blir 125620110004. Dette bør endrast elles i dokumenta også, men kan eventuelt utsetjast til etter offentlig ettersyn.

Vi jobbar mot å få planforslaget fram til 1.gongs behandling i Utval for drift og utvikling 26. oktober. Fint om vi derfor kan få endra plankart, reguleringsføresegner og SOSI-fil snarast råd.

Med venleg helsing

Kjersti Møllerup Subba
Konsulent
Tlf: 41 42 42 47
E-post: kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no



Fra: Åshild Blomdal [<mailto:ashild@abo-ark.no>]
Sendt: 26. september 2016 15:37
Til: Kjersti Møllerup Subba
Emne: VS: Sak 14/599 - 15/18276 - Ny innsending til 1. gongs handsaming - sending 1

Hei

Revidert planforslag er no sendt til postmottak i Meland kommune.

Sjå epost under.

Med helsing

Åshild Blomdal

Arealplanleggar
99 76 97 16



Hamnevegen 53
Pb.291
5203 OS

ashild@abo-ark.no

www.abo-ark.no

Fra: Åshild Blomdal

Sendt: 26. september 2016 15:34

Til: postmottak@meland.kommune.no

Kopi: brm@markhusbygg.no; Bjørn Atle Drange

Emne: Sak 14/599 - 15/18276 - Ny innsending til 1. gongs handsaming - sending 1

Ny innsending av reguleringsplan for Holme forretningsområde – reguleringsendring Gnr. 10 bnr. 85 mfl.

Vi viser til tidlegare innsendt planforslag 03.06.2016 – planframlegget er no revidert på bakgrunn av tilbakemelding frå Meland kommune 15.09.2016.

På grunn av storleiken er sendinga delt på to epostar.

Sending 1:

- Notat med oppsummering av kommunes kommentarar og vår oppfølging av desse
- Planomtale
- Føresegner (alle endringar i føresegnene er vist med rød skrift)
- Plankart i pdf, sosi og dwg

Sending 2:

- ROS-analyse
- Risikovurdering, undergang
- Samla brev frå Statens vegvesen
- Detaljteikningar veg

Med helsing

Åshild Blomdal

Arealplanleggar
99 76 97 16



Hamnevegen 53
Pb.291
5203 OS

ashild@abo-ark.no

www.abo-ark.no